



Velkommen til Gol!

Det er mi store glede å kunne ynskje deg velkommen til Gol kommune, midt i hjertet av Hallingdal og håpar du vil trivast i di nye heimkommune!

Om kommunen

Du bur no i ein tettstad med mange gode kvalitetar. Me er snautt 5000 innbyggjarar med god geografisk spreining frå sentrum til bygdene våre Rotneim, Grønlio, Åsgardane og Liagardane. Bygdene har stor plass både i areal men og i hjarte til lokalbefolkninga. I Gol har du tilgang til ein fantastisk og familievenleg natur med kort veg til villar natur. I Gol skal familien kunne få gode opplevingar saman, ute og inne! Bli kjend med det Gol og Hallingdal har å by på ved å besøke desse nettsidene for meir informasjon:

- gol.kommune.no
- golinfo.no
- hallingdal.no



Bustad

Gol har fortsatt gardsdrift på enkelte gardar i bygdene og det er tilgang på småbruk. Er du ein av dei som likar å bu tettare på sentrum har me fleire flotte bustadfelt i og utanfor sentrum. Her kan du kjøpe både tomter til nybygg eller kjøpe eldre bustad, alt fra leiligheter til enebolig. Om du er i etableringsfasa kan du søkje startlån hjå kommunen og husbanken for å koma i gang med å skaffe din eigen bustad. Sjå gol.kommune.no og skriv **STARTLÅN** i søkemotoren for meir informasjon. Det er mykje aktivitet i bustadbygging på Gol, takka væra initiativrike entreprenørar som feks Bygg Team AS Gol. Vi har fleire ivrige og lokale eiendomsmevlere på Gol og!

Ønskar du å leige bustad er det fleire facebook-grupper du kan besøke og legge ut annonse. Dette heter Facebook-gruppene:

- Leie bolig i Hallingdal
- Leie i Hallingdal Leilighet Bolig Lokaler

Barnehage, skule og skulefritidsordning

Me har fire barnehagar i Gol og me har full barnehagedekning, noko me er veldig stolte av. I tillegg til dei kommunale barnehagane er det og ein privat familiebarnehage tilgjengeleg.

Skulefritidsordninga har også fått plass i den nye skulen, og grunna eit aktivt idrettslag kan Gol tilby ei idrettsfritidsordning som er populær for dei som likar å vera aktive. Dette er et tilbud for barn frå 1.-4.klasse. Hallingdal fotballklubb driver idrettsfritidsordningen etter skoletid på klubbhuset til Gol IL. Sjå gol.kommune.no og søk SFO eller <http://www.hallingdalfk.no> og søk IFO for meir informasjon.

Gol har også tilbud innan vidaregåande opplæring, og her kan ein få plass på både allmennfag og yrkesfag. Om du ikkje skulle finne eit aktuelt tilbud på Gol, er det også ei vidaregåande skule i nabokommunen Ål. Sjå gol.vgs.no for meir informasjon angående Gol vidaregåande skule og sjå al.vgs.no for meir informasjon angående Ål vidaregåande skule.

Me er opptekne av at ungdommen vår i Gol, og me ynskjer å legge til rette for at dei blir eller kjem attende til oss. Treng ungdommen eit år til å finne ut kva dei vil kan dei søkje seg til Hallingdal Folkehøgskule for å utvikle seg sjølv og finne sine styrker. Folkehøgskulen er verdifull for oss. Sjå hallingdalfhs.no for meir informasjon.

I Gol har me også eit Læringsssenter som gir vaksenopplæring på ulike nivå i tett samarbeid med Hallingdal Karrieresenter, Me er også igang med utvikling av Campus Hallingdal, som ein del av Universitetet i Sørøst-Norge. Me ynskjer at våre innbyggjarar skal ha tilgang på kompetanse, både yrkesfagleg og teoretisk. Slik sikrar me god arbeidskraft og moglegheiter for nyetableringar. Sjå desse nettsidene for meir informasjon:

- gol.kommune.no (Barnehagar og skuletilbod - Skuletilbod - Gol vaksenopplæring)
- karrierebuskerud.no/hallingdal-karrieresenter
- studiesenteret.no
- folkeuniversitetet.no

Bruk søkeordet Gol på dei refererte nettsidene.



Arbeid

Gol er eit service og handelssentrum. Vår handel vert nytta av alle innbyggjarane i Hallingdal. Gol husar mange fellesfunksjonar i det offentlege for reisten av Hallingdals kommunane. På den måten har du tilgang på mange interessante fagmiljø. Me husar også ein næringshage for Hallingdal som sørgjer for stadig vekst av eksisterande næringar og eit etablerer-senter for Hallingdal som støttar nye grunderar med å kome i gang. Kanskje du har ein gründer i magen? Sjå hallingdal-etablerersenter.no eller nhage.no for meir informasjon. I Hallingdals samarbeidet er det no oppretta nettsider som skal gjere det enkelt for deg å finne ut kva jobbar som er ledige, for me ynskjer å bruke din kompetanse! Sjå jobbihallingdal.no for meir informasjon.


Friviljugheit, lag og foreiningar

I kommunen er det mykje aktivitet innan lag og organisasjonar. Friviljugheita står sterkt i Gol, og kommunen ynskjer å spela på lag med denne slik at våre innbyggjarar får eit breiare og bedre aktivitetstilbod og ikkje minst gode sosiale arenaer. For mange er eit slikt engasjement ein viktig inngangsporten til å bli betre kjend med kommunen sin og dei som bur i den. Kanskje du finn eit tilbod som engasjerer deg? Sjå gol.kommune.no og vel hovudfane KULTUR OG FRITID for ei oversikt over lag og foreiningar i kommunen.

Fritid

Fysisk aktivitet og folkehelse er eit prioritert område for Gol. Me har ein idrettsarena kalt GIA med turnhall, klatrevegg, treningssenter og fleirbrukshall. Me har også ein park kalt Hallingmo med fotballbane, løpebane, sykkelstier, frisbeegolf og hengekøyehotell. I tillegg har kommunen eit stort idrettslag kalt Gol Idrettslag, samt fleire foreiningar som gjer det mogeleg å vera fysisk aktivitet i Gol. Kommunen har og ein frisklivsentral som er eit låg terskel tilbod. Sjå desse nettsidene for meir informasjon:

- gol.kommune.no (Kultur, fritid og aktivitet - Lag og organisasjonar)
- gol.kommune.no (Kultur, fritid og aktivitet - Frisklivsentralen)
- golil.no



Bibliotek

Gol bibliotek ligg i tilknytning til Gol vidaregåande skule og er open for allmennheita. I tillegg er det satt opp aktiviteter for barn, unge og vaksne som skal stimulere til auka bruk og kulturelle opplevingar. Sjå hallingdalsbiblioteka.no for meir informasjon.

Helsestasjon

I Gol har me eit godt helsestasjonstilbod. Helsestasjon for born 0-5 år finn du i nærleiken av kommunehuset og her møter du helsesøster og helsestasjonslege for oppfølging av born. Skulehelsetenesta er eit førebyggjande tilbod for born og unge i alderen 5 – 20 år. Helsesøster kan kontaktast når ho er på skulen og elles vil du finne informasjon på skulens oppslagstavler. Helsestasjon for ungdom er eit tilbod for all ungdom mellom 13-20 år. Dette er ei viktig og utfordrande tid i livet, og det er derfor viktig for oss å ha nokon ein kan prate med, eller få råd og rettleiing av. Jordmortenesta er også å finne på helsestasjonen. Sjå gol.kommune.no og vel hovudfane HELSE OG OMSORG for meir informasjon.

Legeteneste og legevakt

Me opplever alle å bli sjuke, både akutt eller over tid. Med gode allmennpraktiserande legar, flinke sjukepleierar og helsesekretærer er legekantoret godt rusta til å ta vare på deg. Me har eit godt samarbeid med nabokommunane om legevaktsordning og gode samarbeidstiltak i forhold til samhandlingsreforma med Hallingdal Sjukestugu som er lokalisert i nabokommunen i Ål. Her har me også tilgang på luftambulans. Sjå vestreviken.no og søk HALLINGDAL SJUKESTUGU og luftambulans.no og søk HALLINGDAL for meir informasjon.

Politi

I beinveges nærleik og godt plassert i sentrum finn du lensmannskantoret. I Gol har me fellesfunksjonar for regionen som regionlensmann og førebyggjande ungdomskontakt. Kommunen har eit godt samarbeid med politiet og opplever eit synleg politi som arbeidar godt førebyggjande. Sjå politi.no og søk GOL for meir informasjon.

Brann og redning

Gol er med i eit samarbeid med nabokommunar om Hallingdal Brann og Redningssentral. Dei har ansvar for brann, ulykker, redning, akutt forureining og feiing. Sjå torpomoen.no og trykk deg inn på Hallingdal Brann og Redningsteneste sin logo til høgre for meir informasjon.

Renovasjon - avfall

Hallingdal Renovasjon er eit samarbeid mellom alle Hallingdals kommunane. Dei har som formål å drive innsamling og handtering av husstandsavfall, næringsavfall og slam. Dei driv produksjon og sal av energi basert på forbrenning av avfall og andre fornybare ressursar og er ein pådrivar for ei positiv miljøretta utvikling innanfor forretningsområdet, samt at dei bidreg aktivt til utvikling av Hallingdal som ein "Grøn Region". Sjå hallingdalrenovasjon.no for meir informasjon

NAV

NAV kontoret ligg i kommunehuset og er ein fellesfunksjon for oss og nabokommunen Hemsedal. Nærleik til saksbehandlar er viktig for dei som skulle trenge hjelp og støtte i ei vanskeleg tid, og det har me på Gol. Sjå nav.no og søk GOL for meir informasjon.

Transport

Med Gol Stasjon plassert like utanfor sentrum har me gode mogelegheiter til å nytte tog, både til Oslo og Bergen. Me har heile tida fokus på å sikre eit godt busstilbod som korrespondera vidare frå Gol til blant anna Hemsedal og Valdres. Skysstasjonen er plassert midt i sentrum, og har god korrespondanse med tog stasjonen. Sjå nsb.no og søk GOL eller bruk golinfo.no for meir informasjon.

Som kommunen midt i hjarte av Hallingdal er det kort veg til nabokommunar og med linkane under kan du fort oppdatere deg på kva som skjer eit steinkast unna:

- kvaskjer.hallingdal.no
- hallingdal.no

Ynskjer de ein prat med meg som ordførar, er de velkomen til det ved å ta kontakt med meg på epost heidi.granli@gol.kommune.no eller telefon 91673900. Me som bur her er veldig glad i kommunen vår, og eg vonar at du også vil finne deg til rette, trivast og blir glad i Gol. Hjarteleg velkomen skal du vera!

Ordførar
Heidi Granli

